

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Selskap: Helse Vest RHF
Dato: 15.04.05
Sakshandsamar: Gjertrud Jacobsen
Saka gjeld: **Høyring – søknad om godkjenning av privat sjukehus i Haugesund**

Styresak 45/05

Styremøte 25.04. 2005

Bakgrunn

Haugesund private sjukehus (HPS) har i brev av 17.10.03 og januar 2005 søkt Helse- og omsorgsdepartementet om godkjenning for privat sjukehusverksemd i Haugesund.

Som ledd i handsaminga ber departementet om ei fråsegn frå Helse Vest RHF vedrørande:

- behovet for det aktuelle tenestetilbodet i regionen og
- om tilgangen på helsepersonell vil bli vesentleg påverka av ein eventuell etablering.

Helse- og omsorgsdepartementet hentar og inn fråsegner frå Sosial- og helsedirektoratet og Helsetilsynet.

Helse Vest RHF har bedt om fråsegner frå helseføretaka i saka.

Kommentarar

1. Haugesund private sjukehus

Haugesund private sykehus (HPS) søker om å bli et offentlig godkjend sjukehus innan øre-nese-hals, urologi, gynekologi og plastisk kirurgi.

Haugesund private sjukehus planlegg etablering av 6 senger og føresett tilsetting av fast personell. Dette blir delvis gjort ved å bruke personell nå tilsett i privat avtalepraksis samt tilsetting av nytt personell, spesielt på sjukepleiarsida. To avtalespesialistar, ein innan øre-nese-hals og ein innan urologi, vil gå inn i sjukehuset. Urologen er i tillegg tilsett i Helse Fonna og vil halde fram i denne stillinga. I tillegg ser ein for seg å få inn ein øre-nese-hals spesialist, samt å knytte til seg spesialist i plastisk kirurgi og samarbeide med klinikkar innan gynekologi.

Det er planlagt 2000 inngrep årleg ved HPS. 1000 inngrep innan øre-nese-hals, 600 innan urologi, 100 plastiske operasjonar og 300 gynekologiske inngrep.

Etablering av HPS skal i hovudsak bygge på at ein slår saman to avtalepraksisar som i dag begge driv operativ verksemd.

2. Fråsegner frå helseføretaka:

Helse Førde HF har ikkje gitt ei fråsegn i saka

Helse Bergen HF

Helse Bergen HF meiner det no ikkje er kapasitetsproblem innan øre-nese-hals området innan vår region. Det er allereie fleire private tilbod, og innan dei områda som HPS ønskjer å tilby behandling er det ikkje nødvendig med senger og sjukehusstatus.

Det er kapasitetsproblem innan fagområdet urologi i Helse Fonna området, men spesialistmangel er årsaka til kapasitetsproblema innan Helse Fonna området, ikkje mangel på senger.

Plastisk kirurgisk verksemd av denne typen byggjer Helse Bergen opp kapasitet på Voss sjukehus, og reknar med å dekke behov innan Helse Bergen-området.

Helse Bergen finn ikkje at det er behov for å auke talet på sjukehussenger innan dei aktuelle fagområda.

Helse Fonna HF

Helse Fonna HF har redusert talet på sjukehussenger innan både øre-nese-hals og urologi. Samtidig er ventelistene på veg ned for begge områda. Helse Fonna HF meiner at mange av dei aktuelle inngrepa innan øre-nese-hals ikkje krev sjukehusinnlegging. Det er vidare 1 – 3 månaders ventetid på desse inngrepa i Helse Fonna området og elles generelt god kapasitet i regionen med dei private aktørane som har avtale med Helse Vest i dag.

Kapasiteten innan urologi er ikkje god nok i Helse Fonna området i dag. Dette skuldast rekrutteringsproblem. Helse Fonna HF har i dag ein tilsett urolog. Dette er same urolog som vil virke i HPS og som dekker ein stor del av behovet for kirurgiske inngrep i Helse Fonna. Han har og ansvar for utdanning av assistentlege i urologi. Urologen har i tillegg driftsavtale med Helse Vest RHF.

Helse Fonna har fått tildelt sin andre heimel innan urologi og reknar med at ved tilsetjing i denne vil ein dekke behov for urologi i Helse Fonna området.

Innan urologi blir det påpekt at flytting av ein del inngrep ut frå Haugesund sjukehus vil kunne få konsekvensar for utdanning av spesialistar i sjukehus.

Vidare er Helse Fonna HF bekymra for at etablering av eit privat sjukehus kan få konsekvensar for rekruttering av spesialsjukepleiarar til føretaket.

Helse Stavanger HF

Helse Stavanger har nå god rekruttering til øre-nese-hals avdelinga ved Stavanger Universitetssjukehus som hadde bemanningsproblem for ca. to år sidan. Helse Stavanger har nå ikkje ventetid for innleggingar innan dette området og ventetid på poliklinikk er på veg nedover. Samtidig fryktar Helse Stavanger at det vil bli overkapasitet innan øre-nese-hals området i regionen.

3. Oppsummering – tilråding

Helse Vest RHF har i dag avtaler om kjøp av tenester innan generell kirurgi, urologi, ortopedi, øye og øre-nese-hals frå private aktørar.

Ved vurdering av dagens ventetider må det tas høgde for at private allereie dekker ein del av behovet. Totalt har Helse Fonna i mars 2005 ei gjennomsnittleg ventetid innan øre-nese-hals på 65 dagar. Innan

urologi er gjennomsnittleg ventetid 75 dagar. Totalt har Helse Fonna ei gjennomsnittleg ventetid på 58 dagar. Helse Stavanger har 124 gjennomsnittleg ventetid innan urologi. Dette er gjennomsnittstal for alle typar inngrep.

Haugesund private sjukehus søker om godkjenning innan områder som Helse Vest pr i dag kjøper tenester hos private, primært avtalespesialistar med avtale om dagkirurgi. Det blei i anbudsrunder som ligg til grunn for kjøp hos private ikkje etterspurt tenester innan plastisk kirurgi og gynekologi.

Totalt sett i regionen er det god kapasitet innan øre-nese-hals området.

Det er eit kapasitetsproblem innan urologi. Dette skuldast primært eit rekrutteringsproblem i Helse Fonna. 2 overleger i urologi slutta i 2004. Det blei derfor hausten 2004 satt i gang arbeid for å redusere ventetider ved hjelp av fast tilsett urolog og innleige av vikarar ved behov. Vidare jobbar Helse Fonna i høve til utdanning av legar for å betre rekrutteringa, og har fått godkjend heimel nummer to innan urologi. Dersom ein lykkast med å rekruttere til desse meiner Helse Fonna at behovet for urologi vil være dekket. Det kan også stillast spørsmål ved om ein eventuell etablering av HSP vil tilføre ekstra kapasitet i regionen fordi urologen som vil gå inn i sjukehuset allereie driv operativ verksemd ved Haugesund sjukehus og i eigen avtalepraksis.

Helse Fonna reduserer talet på senger innan dei aktuelle fagområda med bakgrunn i at det ikkje er behov for desse. Aktiviteten blir heller utført dagkirurgisk.

Vidare er det uttrykt bekymring for at oppretting av eit privat sjukehus i Haugesund kan få konsekvensar for rekruttering av spesialsjukepleiarar til Helse Fonna. Helse Fonna finn det til tider vanskeleg å rekruttere spesialsjukepleiarar.

På denne bakgrunn er det i regionen ikkje behov for å etablere eit privat sjukehus innan dei aktuelle områda. Kapasiteten innan øre-nese-hals området er god, og det er dette fagområdet som vil utgjere størst del av kapasiteten i HPS. Helse Vest har tidlegare ikkje funne behov for å kjøpe tenester innan plastiske kirurgi og gynekologi. Innan urologi er det eit kapasitetsproblem i Helse Fonna området. Dette har til dels vært søkt løyst ved kjøp av operative inngrep hos avtalespesialist og privat sjukehus og tiltak er satt i verk i Helse Fonna for å sikre eit betre tilbod i helseføretaket. Det er dessutan usikkert om godkjenning av nytt sjukehus i seg sjølv vil tilføre auka kapasitet på dette området.

Forslag til vedtak

1. Helse Vest RHF vil ikkje tilrå at det blir gitt godkjenning for nytt privat sjukehus i Haugesund innan øre-nese-hals, urologi, gynekologi og plastisk kirurgi.

Dette med bakgrunn i:

- a Det er ikkje behov for utvida kapasitet innan øre-nese-hals området i Helse Vest.
- b Det er behov for å auke kapasiteten innan urologi. Det er inngått avtalar om kjøp av urologitenester hos private i Haugesund og Stavanger, og satt i verk tiltak for å sikre eit betre tilbod i Helse Fonna
- c Det er usikkert om nytt sjukehus i seg sjølv vil gi grunnlag for auka kapasitet.
- d Dersom rekruttering av fagpersonell til utvida privat verksemd blir gjort frå egne helseføretak vil dette på kort sikt svekke sårbare fagmiljø som i dag har rekrutteringsproblem. Dette vil ikkje medføre auka kapasitet i regionen.